



Arkivnr: 2014/22142-3
Saksbehandlar: Frode Mannsåker

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet		13.11.2014

Revisjon av personalreglementet

Samandrag

Personalreglementet for tilsette i Hordaland fylkeskommune vart sist revidert i 2009. Fylkesrådmannen legg her fram eit revidert personalreglement, der det m.a. er justeringar når det gjeld punkta om rus og pengespel i arbeidstida, røyking, melding om bierverv og bruk av fylkeskommunale tenester. Hovudarbeidsmiljøet godkjenne framlegget i møtet 24. oktober 2014, med ei mindre endring.

Forslag til vedtak

Administrasjonsutvalet godkjenner framlegget til nytt personalreglement for tilsette i Hordaland fylkeskommune.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Framlegg til nytt personalreglement

Fylkesrådmannen, 30.10.2014

Gjeldande personalreglement for tilsette i Hordaland fylkeskommune vart siste revidert i 2009. Det har ikkje synt seg naudsynt med ei omfattande revisjon av reglementet, men på nokre avgrensa punkt har det kome ønske om justeringar:

Punkt 7 om fråvær og IA-avtale

Punktet er noko endra slik at ein ikkje knyter det opp mot IA-avtalen spesifikt frå 2003, og slik at ein også syner til arbeidsmiljøloven når det gjeld reglar for sjukefråværsoppfølging.

Punkt 14 - Anna løna arbeid

Noverande formulering om obligatorisk skriftleg rapportering av bierverv er tatt vekk, i tråd med ei personalmelding frå Forbruker- og administrasjonsdepartementet om bierverv der det heiter at «en virksomhet (kan) neppe uten særlig hjemmel, pålegge tjenestemennene en generell meldeplikt når det gjelder disse forholdene». I staden er det føreslått at medarbeidar tar opp med arbeidsgivar dersom det er tvil om biervervet går ut over hovudstillinga.

Punkt 15 om rusmisbruk og pengespel

HAMU har godkjent nye retningslinjer for AKAN-arbeid i HFK, der pengespel i arbeidstida er tatt inn som tema. Det er viktig at AKAN-retningslinjene juridisk er tufta på personalreglementet, og at vi dermed får ei harmonisering av det formelle grunnlaget for reaksjon i desse to dokumenta. I dette framlegget til nytt personalreglement følgjer ein dei formuleringane som er føreslått av sentralt AKAN-utval i HFK og godkjent av HAMU, og som også er i tråd med norm frå AKAN kompetansesenter i Oslo.

Punkt 16 om røyking

Her er det viktig at personalreglementet avspeglar vedtaket frå fylkesrådmannen om røykeforbod også *rundt* fylkeskommunale bygningar, og på eigedommar som fylkeskommunen disponerer, i tråd med lov om tobakkskadar.

Punkt 22 – om bruk av utstyr og tenester

Dette punktet er utvida til også å omfatte forbod mot å nytte seg av fylkeskommunale tenester utan å søke på line med vanlege brukarar i fylket.

Varsel om fleire endringar

I informasjons- og drøftingsmøte med dei tillitsvalde har det kome fram ønskje om å endre punkt 21 om godtgjersle på tenestereise. Det vart i juni nedsett ei arbeidsgruppe som skulle sjå nærare på dette og ev. foreslå endringar. Pga. streik og lønsforhandlingar er ikkje arbeidsgruppa komen i gang. Fylkesrådmannen ønskjer ikkje å utsetje handsaminga av revidert personalreglement til denne arbeidsgruppa har levert nye framlegg. Med elektronisk dokumenthandtering er det ikkje lenger noko problem med hyppige revisjonar av slike reglement. Ei eventuell endring av punktet om tenestereiser kan ein kome attende til i 2015.

I møtet 24. oktober 2014 godkjende HAMU framlegget til personalreglement, med ein mindre endring på punkt 7 om fråvær frå arbeidet. Det vart her presisert at melding om fråvær skal skje *pr. telefon* til næraste overordna. Dette er i tråd med gjeldane rutine for oppfølging av sjukmelde i HFK, der det og er presisert at ein skal melde fråvær pr. telefon og ikkje som tekstmelding eller e-post. Slik regel er grunna i erfaringar med at elektroniske meldingar kan bli liggande ulest i ein situasjon der det er viktig at enten næraste overordna eller andre i leiarfunksjonar oppfatar fråværsmeldinga så tidleg som mogleg.